



Ventar sein og ujamn frukthøst i Hardanger



På bildet ser vi (frå venstre) Eivind Vangdal og Mekjel Meland frå NIBIO. Dei seier at varmesummen hittil i år viser at det blir ein sein sesong i Hardanger. Truleg minst 3 veker seinare enn i fjor og 1 veke seinare enn normalt. Blømingstidspunktet er omtrent som i 2013, men då var det ein varm ettersommar. Fruktinga er ujamn i steinfruktene moreller og plomme. For eple må ein vente litt for å sjå korleis fruktinga blir, men mest sannsynleg vil det bli ujamnt.



På bildet ser vi (frå venstre) Arne Lutro, Benjamin Garen og Jostein Lutro i Hardanger som klargjer eit nytt felt med plommer av sorten Reeves. Dei seier at det ser ut til å bli brukbar avling av plommesorten Opal, medan det har vore mykje kartfall i sorten Mallard. Opal og Mallard er dei to største plommesortane i Noreg.